



Tilleggsinnkalling  
av  
Heradsstyret

**Møtedato:** 09.12.2020  
**Møtestad:** Osterøy rådhus - heradsstyresalen  
**Møtetid:** 09:00 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast i Kaukus eller til Bente Skjerping per tlf. 56192100, sms til eller per epost til bente.skjerping@osteroy.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

**Sakliste**

| Saknr | Tittel                                                           |
|-------|------------------------------------------------------------------|
| 5     | Status på framdrift for planane "Holmane næring" og "Saltverket" |

9. desember 2020

Lars Fjeldstad  
møteleiar

Bente Skjerping  
utvalssekretær

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval        | Type | Dato       |
|--------|--------------|------|------------|
| 5      | Heradsstyret | RS   | 09.12.2020 |

| Saksbehandlar   | ArkivsakID |
|-----------------|------------|
| Runar Ludvigsen | 20/2966    |

## Status på framdrift for planane "Holmane næring" og "Saltverket"

### Vedlegg:

Referat frå møte om Fotlandsvåg

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Heradsstyret tek saka til vitande**

### Saksopplysningar:

#### Saksopplysningar:

Heradsstyret i Osterøy kommune har vedteke at planane «Saltverket» og «Holmane næring» skal sendast til departementet med dei motsegnene som ligg. Departementet vil komme med avgjerd i saka. Dette gjeld motsegn frå Statens Vegvesen og Vestland fylkeskommune.

Fylkeskommunen tok den 14. november initiativ til møte med ordførar og rådmann. Dei er villig til å sjå på minimumsløysingar for å få til ei løysing på motsegnspunkta dei har fremma til Saltverket, men og løysingar knytt til tilbod til mjuke trafikantar frå Holmane næring til avkjørsel til skulen.

Ved å inngå kompromiss med fylkeskommunen og få løyst motsegnspunkta, vil det vere eit godt utgangspunkt når saka vert sendt via fylkesmannen til departementet. Fylkesmannen skal gi si tilråding til departement.

Status i dag er at kommunen har fått utsetting av oversendingsbrevet til fylkesmannen.

Utgangspunktet for vidare arbeid er å finne minimumsløysingar med tekniske løysingar som kan realiserast, som fylkeskommunen som veigar kan godkjenne og trekkje motsegnene.

#### Vegen vidare:

- Asplan Viak innleiar dialog med Fylkeskommunen, ved Hege Løtveit.
- Asplan Viak lager skisser for nye løysingar og presenterer desse til fylkeskommunen. Primær dialog skal vere mellom Asplan Viak og fylkeskommunen. Sakshandsamar i kommunen kan stå på kopi.
- Osterøy kommune følger opp dei tekniske teikningane som fylkeskommunen spør etter.
- Om dei skisserte løysingane vert godkjent, skal Asplan Viak utarbeide tekniske teikningar av desse.

Om det vert semje om skisserte minimumsløysingar, får kommunen ein skriftleg uttale frå fylkeskommunen som seier at dei aksepterer løysingane, og trekker sine motsegn med føresetnad om at dei skisserte løysingane vert lagt inn i reguleringsplanen.

Uttale vert lagt ved kommunen sitt oversendingsbrev til fylkesmannen.

Det er satt opp møte mellom Vestland fylkeskommune, tiltakshavar, Asplan Viak (konsulent) og Osterøy kommune den 5. januar.

